



Utval: Formannskapet
Møtestad: Rådhus Valldal
Dato: 30.04.2026
Tid: Kl. 17:00 - 21:00

Medlemmer:	Parti
Jens Einar Aklestad	AP
Espen Heitmann	Frp
Ester Reidun Vinje Nilsen	H
Jan Are Remme	H
Lars Kristian Øvrebust	Sp
Terese Jemtegård Moen	Sp

Forfall:	Parti
Dagrun Agnes Vikesland	SV

Vara:	Parti
Håkon Myklebust	Sp

Inhabile	Sak	Varamedlem	Merknad
Jan Are Remme	024/26	Robert Bergerud, H	Inhabil jf. forvaltningslova §6 punkt a.
Ester Reidun Vinje Nilsen	028/26	Robert Bergerud, H	Inhabil jf. forvaltningslova §6 punkt a og e - underpunkt 2.
Jens Einar Aklestad	031/26	Annette Langdal, Sp	Inhabil jf. forvaltningslova §6 punkt a. underpunkt 1
Terese Jemtegård Moen	031/26	Nina Hauglid, AP	Inhabil jf. forvaltningslova §6 punkt a. underpunkt 1.

Frå administrasjonen møtte:

Kommunedirektør - Bjørn Inge Ruset
Kommunalsjef Teknisk - Freddy Hanssen
Kommunalsjef Helse, omsorg og velferd - Sindre Søvik Erstad
Økonomisjef - Dag Olav Tennfjord

Seniorrådgivar økonomi - Arne Krohn
Personalsjef/Sekretær - Marius Moe
Seniorrådgjevar Plan- og miljø - Martin F. Hove

Andre som møtte:

Arealplanleggar Nordplan - Halvard Straume

Terese Jemtegård Moen
Ordfører

Marius Andre Moe
sekretær

Saksliste

Sak nr.	Sakstittel
020/26	Godkjenning av møtebok
021/26	Orienteringssaker
022/26	Utvida skjenkeområde - Valldal Fjordhotell
023/26	Frivilligstrategi ut på høying
024/26	Søknad om rammeløyve med dispensasjon - Nytt anlegg - Tilførsel av oksygen til fiskemerder i fjorden gbnr 28/2/1/0
025/26	Avdragsfritak på lån, samt utviding av låneramme til Arena Overøye AS
026/26	Næringsfondet 2026 - Eidsdal hotel & Resturant As - Søknad om støtte til investering i Eidsdal Hotel og Restaurant
027/26	Næringsfondet 2026 - Goat Group As - Etableringstilskudd
028/26	Næringsfondet 2026 - Muritunet - Arbeidsretta ung
029/26	Næringsfondet 2026 - Norddal Gardsysteri - Fra melk til ost: etablering av mobilt ysteri
030/26	Næringsfondet 2026 - Scandinavian Waffles AS - Oppstart av ny bedrift
031/26	Næringsfondet 2026 - Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv - Fjord Cowork - frå finansiert pilot til bærekraftig tilflytting
032/26	Næringsfondet 2026 - Stordal Auto AS - Omprofilering
033/26	Næringsfondet 2026 - Storås Handel Norddal AS - Vidareutvikling av Storås handel
034/26	Næringsfondet 2026 - Valldal Fjord Lodge AS - Pilgrimsturer i Valldal
035/26	Næringsfondet 2026 - Valldal Fjord Lodge AS - Swim the Fjords
036/26	Næringsfondet 2026 - Ytste Kilsti Gard - Silokran til ny låvebygning
037/26	Næringsfondet 2026 Arena Overøye AS - Markedstiltak og gratis aktivitet for barn og unge
038/26	Næringsfondet 2026 NorInsect Holding AS - Prosjekt jordbærblomst
039/26	Næringsfondet 2026 Stordal Alpinsenter AS - Inv. i tårnmontert snøkanon
040/26	Næringsfondet 2026 Synne Selboskar - Oppstart av smådyrklinikk
041/26	Referatsaker

Merknad til innkalling:

- Innkalling vart sendt fredag 24.04.2026
- Ettersendt på tysdag 28.april dokument heilskapleg analyse til underliggende orienteringssak 003/26 og oversikt rangering av søknadar ift. Næringsfond
- Ettersendt på onsdag 29. april: to nye dokument; til sak 024/26 lenke til sjølve søknaden og til sak 027 presentasjon av Goat Group. (NB! Det er i søknaden bedt om at denne vert unnteken offentlegheit. Derfor vart den ettersendt på epost)

Merknad til saksliste

- På grunn av mogleg inhabilitet og bruk av vara foreslå å starte rett på saksbehandling, og ta sak 024/26 og sak 028/26 som første saker, gjere ferdig næringsfondsakene 026-027 og 029-

040, deretter ta planforum og kdir/ordføraren sine orienteringar, deretter behandle sak 020-023, 025 og 041.

Orientering frå ordføraren

- Anbudsprosess spesialisert rehabilitering i Helse Midt: Framleis usikkerheit om vedtaket som Stortinget gjorde om å annullere anbudsprosessar vert gjennomført.
- Interregionalt samarbeid om beitedyr og jerv: Planlagt møter med ulike parti og Mørebenken på Stortinget 05. mai.
- Ordførar spør formannskapet om kva tankar dei har rundt pendlarpass for 2026 på strekninga Eidsdal – Linge. Formannskapet ønsker å gjennomføre pendlarpassordninga også i 2026, då dette er første sommaren der Trollstigen er open som normalt, og vi vil sjå konsekvensane av normal trafikk.

Orientering frå kommunedirektøren

- Tertialrapport
- Kommunal bolig i Liabygda, ikkje interessant å kjøpe
- Elbilladarar – ingen interessentar til den ramma som er sett.

020/26: Godkjenning av møtebok

Kommunedirektøren si innstilling:

Møtebok frå førre møte vert godkjent.

Formannskapet 30.04.2026:

Behandling:

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 7 stemmer (100%) - AP 1, Frp 1, H 2, Sp 3

Mot: 0 stemmer (0%)

FS- 020/26 Vedtak:

Kommunedirektøren si innstilling:

Møtebok frå førre møte vert godkjent.

021/26: Orienteringssaker

Kommunedirektøren si innstilling:

Orienteringssakene blir tatt til orientering.

Formannskapet 30.04.2026:

Behandling:

Heilskapleg analyse (hovuddokument) vart ettersendt på e-post til formannskapet 28. april 2026

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 7 stemmer (100%) - AP 1, Frp 1, H 2, Sp 3

Mot: 0 stemmer (0%)

FS- 021/26 Vedtak:

Kommunedirektøren si innstilling:

Orienteringssakene blir tatt til orientering.

022/26: Utvida skjenkeområde - Valldal Fjordhotell

Kommunedirektøren si innstilling:

Valldal Fjordhotell Drift AS org nr 916580673 får tildelt endring i skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk meir enn 22 volumprosent alkoholinnhald jf. alkohollova §1-6.

Styrar for skjenkeløyvet skal vere Stephen Meinich Bache f. 04.09.1973, stedfortredar Lise Sandøy f. 05.12.1972.

Løyvet gjeld for innandørs skjenking samt for tilhøyrande avgrensa område utandørs som omsøkt.

Nye maksimaltider for skjenking i Fjord kommune, jf. k.sak. 061/20: Gruppe 1 og 2 (øl og vin): kl.

10.00 – 02.00 Like tider for både for innandørs og utandørs skjenking. Konsum av skjenka

alkoholhaldig drikk må opphøyre seinast 30 minutt etter at skjenketida er slutt. Løyvehavar pliktar å gjere seg kjent med innhaldet i Alkoholpolitiske retningslinjer med særleg vekt på pkt. 8 som

omhandlar reaksjonar ved brot på sals- og skjenkevilkår – prikkssystemet. Kravet til internkontroll må vere oppfylt, jf. alkoholforskrifta §8-3.

Tildelte sals-og skjenkeløyve i Fjord kommune opphøyrer ikkje, og det er ikkje nødvendig å søkje fornying av løyve etter fire år. Det må likevel søkjast på nytt dersom det vert eigarskifte eller ved brot på vilkår som er sett for løyvet.

Formannskapet 30.04.2026:

Behandling:

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 7 stemmer (100%) - AP 1, Frp 1, H 2, Sp 3

Mot: 0 stemmer (0%)

FS- 022/26 Vedtak:

Kommunedirektøren si innstilling:

Valldal Fjordhotell Drift AS org nr 916580673 får tildelt endring i skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk meir enn 22 volumprosent alkoholinnhald jf. alkohollova §1-6.

Styrar for skjenkeløyvet skal vere Stephen Meinich Bache f. 04.09.1973, stedfortredar Lise Sandøy f. 05.12.1972.

Løyvet gjeld for innandørs skjenking samt for tilhøyrande avgrensa område utandørs som omsøkt.

Nye maksimaltider for skjenking i Fjord kommune, jf. k.sak. 061/20: Gruppe 1 og 2 (øl og vin): kl. 10.00 – 02.00 Like tider for både for innandørs og utandørs skjenking. Konsum av skjenka alkoholhaldig drikk må opphøre seinast 30 minutt etter at skjenketida er slutt. Løyvehavar pliktar å gjere seg kjent med innhaldet i Alkoholpolitiske retningslinjer med særleg vekt på pkt. 8 som omhandlar reaksjonar ved brot på sals- og skjenkevilkår – prikkssystemet. Kravet til internkontroll må vere oppfylt, jf. alkoholforskrifta §8-3.

Tildelte sals-og skjenkeløyve i Fjord kommune opphøyrer ikkje, og det er ikkje nødvendig å søkje fornying av løyve etter fire år. Det må likevel søkjast på nytt dersom det vert eigarskifte eller ved brot på vilkår som er sett for løyvet.

023/26: Frivilligstrategi ut på høying

Kommunedirektøren si innstilling:

1. Utkast til frivilligstrategi blir lagt ut på offentlig høyring.
2. Høyringsfristen blir sett til 1. juni 2026.

Formannskapet 30.04.2026:

Behandling:

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 7 stemmer (100%) - AP 1, Frp 1, H 2, Sp 3

Mot: 0 stemmer (0%)

FS- 023/26 Vedtak:**Kommunedirektøren si innstilling:**

1. Utkast til frivilligstrategi blir lagt ut på offentlig høyring.
2. Høyringsfristen blir sett til 1. juni 2026.

024/26: Søknad om rammeløyve med dispensasjon - Nytt anlegg - Tilførsel av oksygen til fiskemerder i fjorden gbnr 28/2/1/0**Forslag**

Administrasjonen vurderer at vilkåra for å gi dispensasjon etter plan- og bygningslova § 19-2 ikkje er oppfylte.

Dette gjeld særleg fordi omsyna bak kommuneplanens plankrav, knytt til samfunnstryggleik, beredskap og konsekvensar for fylkesveg, i realiteten vil bli vesentleg tilsidesette dersom saka blir avgjort gjennom dispensasjon. Denne vurderinga gjeld uavhengig av at tiltaket er søkt som midlertidig i inntil 5 år.

Formannskapet 30.04.2026:**Behandling:**

Nytt framlegg til vedtak i sak 024/26 Søknad om rammeløyve med dispensasjon – Nytt anlegg – Tilførsel av oksygen til fiskemerder i fjorden gbnr 28/2/1/0, foreslått av Terese Jemtegård Moen, Senterpartiet

Med heimel i plan- og bygningsloven §19-2 gir formannskapet dispensasjon frå plankravet i kommuneplanen sin arealdel, samt frå byggjegrænse mot sjø og høgdeavgrensing, for etablering av oksygentank (LOX-tank) med tilhøyrande anlegg på Gbnr 28/2.

Formannskapet legg til grunn at vilkåra for dispensasjon er oppfylte.

Dispensasjonen vert gitt på følgjande vilkår:

- Dei risikoreduserande tiltaka som går fram av ROS-analysen skal vere gjennomført før igangsetting.
- Det skal vere dokumentert korleis krav til beredskap, sløkkjevatn og innsatsmoglegheit er ivaretekne før igangsetting.
- Forhold knytt til fylkesveg, herunder behov for trafikkregulering eller stenging ved hendingar, skal vere avklart med rett vegmyndigheit før igangsetting.
- Dispensasjonen vert gitt som mellombels løyve for ein periode på inntil 5 år.
- Tiltaket skal fjernast og området tilbakeførast ved utløp av perioden, med mindre nytt løyve ligg føre.

Forholdet til kommunens plankrav

Området er ikkje regulert, men er omfatta av kommuneplanen. Tiltaket ligg i si heilheit innanfor planen sitt område som er avsett til «Akvakulturområde». Tiltaket er ein del av drifta på tiltakshavar sitt akvakulturanlegg på eigedommen, og tiltaket er dermed i henhold til formålet.

Plankravet i kommuneplanen skal mellom anna sikre ei heilskapleg vurdering av arealbruk, tryggleik, beredskap og konsekvensar for omgjevnadane.

Tiltaket reiser spørsmål som gjeld samfunnstryggleik, beredskap ved uønskte hendingar og konsekvensar for omgjevnadane.

Formannskapet vurderer at desse omsyna vert tilstrekkeleg avklara i ROS-analyse som ligg føre, og gjennom oppfylting av vilkåra for dispensasjonen.

Tiltaket som er omsøkt er tidsavgrensa til 5 år. Formannskapet legg til grunn at vidare drift og eventuelle permanente løysingar må avklarast gjennom planprosess, og at tiltaket ikkje kan vidareførast etter perioden utan ny vurdering.
Formannskapet vurderer at omsynet bak plankravet ikkje vert tilsidesett.

Fordelar og ulemper

Tiltaket er eit ledd i uttesting av ny teknologi for fiskeoppdrett i sjø, med nedsenkbar merd. Varigheit for tiltaket er planlagt for tre utsett av fisk (5 år) og støttar opp om berekraftig havbruk ved forbedra fiskevelferd. Det vert lagt betydelege ressursar i dette av tiltakshavar, og formannskapet ser svært positivt på alle tiltak som kan gjere havbruksnæringa meir berekraftig.
Ulempene knytt til spørsmål om samfunnstryggleik, beredskap ved uønskte hendingar og konsekvensar er grundig belyst i ROS-analyse, og vil ivaretakast gjennom oppfylting av vilkåra for dispensasjonen.
Formannskapet vurderer såleis at fordelane er klart større enn ulempene.

Votering nr 1 - Votering over forslag

Opprinnelig forslag: 0 stemmer (0%)

Nytt forslag - Nytt framlegg til vedtak i sak 024/26 Søknad om rammeløyve med dispensasjon – Nytt anlegg – Tilførsel av oksygen til fiskemerder i fjorden gbnr 28/2/1/0: 7 stemmer (100%) - AP 1, Frp 1, H 2, Sp 3
Terese Jemtegård Moen (Sp)

FS- 024/26 Vedtak:

Med heimel i plan- og bygningsloven §19-2 gir formannskapet dispensasjon frå plankravet i kommuneplanen sin arealdel, samt frå byggjeregrense mot sjø og høgdeavgrensing, for etablering av oksygentank (LOX-tank) med tilhøyrande anlegg på Gbnr 28/2.

Formannskapet legg til grunn at vilkåra for dispensasjon er oppfylte.

Dispensasjonen vert gitt på følgjande vilkår:

- Dei risikoreduserande tiltaka som går fram av ROS-analysen skal vere gjennomført før igangsetting.
- Det skal vere dokumentert korleis krav til beredskap, sløkkjevatn og innsatsmoglegheit er ivaretekne før igangsetting.
- Forhold knytt til fylkesveg, herunder behov for trafikkregulering eller stenging ved hendingar, skal vere avklart med rett vegmyndigheit før igangsetting.
- Dispensasjonen vert gitt som mellombels løyve for ein periode på inntil 5 år.
- Tiltaket skal fjernast og området tilbakeførast ved utløp av perioden, med mindre nytt løyve ligg føre.

Forholdet til kommunens plankrav

Området er ikkje regulert, men er omfatta av kommuneplanen. Tiltaket ligg i si heilheit innanfor planen sitt område som er avsett til «Akvakulturområde». Tiltaket er ein del av drifta på tiltakshavar sitt akvakulturanlegg på eigedommen, og tiltaket er dermed i henhold til formålet.

Plankravet i kommuneplanen skal mellom anna sikre ei heilskapleg vurdering av arealbruk, tryggleik, beredskap og konsekvensar for omgjevnadane.

Tiltaket reiser spørsmål som gjeld samfunnstryggleik, beredskap ved uønskte hendingar og konsekvensar for omgjevnadane.

Formannskapet vurderer at desse omsyna vert tilstrekkeleg avklara i ROS-analyse som ligg føre, og gjennom oppfylting av vilkåra for dispensasjonen.

Tiltaket som er omsøkt er tidsavgrensa til 5 år. Formannskapet legg til grunn at vidare drift og eventuelle permanente løysingar må avklarast gjennom planprosess, og at tiltaket ikkje kan vidareførast etter perioden utan ny vurdering.

Formannskapet vurderer at omsynet bak plankravet ikkje vert tilsidesett.

Fordelar og ulemper

Tiltaket er eit ledd i uttesting av ny teknologi for fiskeoppdrett i sjø, med nedsenkbar merd. Varigheit for tiltaket er planlagt for tre utsett av fisk (5 år) og støttar opp om berekraftig havbruk ved forbetra fiskevelferd. Det vert lagt betydelege ressursar i dette av tiltakshavar, og formannskapet ser svært positivt på alle tiltak som kan gjere havbruksnæringa meir berekraftig.

Ulempene knytt til spørsmål om samfunnstryggleik, beredskap ved uønskte hendingar og konsekvensar er grundig belyst i ROS-analyse, og vil ivaretakast gjennom oppfyljing av vilkåra for dispensasjonen.

Formannskapet vurderer såleis at fordelane er klart større enn ulempene.

025/26: Avdragsfritak på lån, samt utviding av låneramme til Arena Overøye AS

Kommunedirektøren si innstilling:

1. Arena Overøye AS vert innvilga avdragsfritak for 2026 med kr. 160 000,-. Samtidig vert det innvilga 1.års auka nedbetalingstid på lånet.
2. Arena Overøye AS får utvida låneramme frå 960 000,- idag til 1 500 000,-. Kr. 540 000,- vert utbetalt til selskapet.
3. Lånet vert finansiert av frie investeringsfond.
4. Fjord kommune tek pant i Pisten Bully Park park og vinsj trakkemaskiner tilsvarande låneramma.
5. Endeleg finansiering vert å ta inn i budsjettregulering etter 1. tertial 2026 ved å korrigere Bevilgningsoversikt investering - Del 1 for 2026
6. Fjord kommunestyre føreset at lånet m.a. vert brukt til å innfri Arena Overøye AS sine forpliktelsar til Stordal Alpinsenter AS.

Formannskapet 30.04.2026:

Behandling:

Jens Einar Aklestad (Ap) fikk permisjon til å tre frå før behandling. 6 voteringar til stades

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 6 stemmer (100%) - Frp 1, H 2, Sp 3

Mot: 0 stemmer (0%)

FS- 025/26 Vedtak:

Kommunedirektøren si innstilling:

1. Arena Overøye AS vert innvilga avdragsfritak for 2026 med kr. 160 000,-. Samtidig vert det innvilga 1.års auka nedbetalingstid på lånet.
2. Arena Overøye AS får utvida låneramme frå 960 000,- idag til 1 500 000,-. Kr. 540 000,- vert utbetalt til selskapet.
3. Lånet vert finansiert av frie investeringsfond.
4. Fjord kommune tek pant i Pisten Bully Park park og vinsj trakkemaskiner tilsvarande låneramma.
5. Endeleg finansiering vert å ta inn i budsjettregulering etter 1. tertial 2026 ved å korrigere Bevilgningsoversikt investering - Del 1 for 2026
6. Fjord kommunestyre føreset at lånet m.a. vert brukt til å innfri Arena Overøye AS sine forpliktelsar til Stordal Alpinsenter AS.

026/26: Næringsfondet 2026 - Eidsdal hotel & Resturant As - Søknad om støtte til investering i Eidsdal Hotel og Restaurant

Kommunedirektøren si innstilling:

Søknaden vert ikkje innvilga.

Vedtaket kan påklagast til kommunen. Klagefristen er tre veker. Klagen skal sendast skriftleg til den som har fatta vedtaket og ein må oppgje vedtaket det vert klaga over og årsaka for klagen.

Formannskapet 30.04.2026:

Behandling:

Nytt forslag, foreslått av Ester Reidun Vinje Nilsen, Høgre

Det blir innvilga støtte på kr 40 000, som utgjer 5% av kapitalbehovet. Støttebeløpet skal ikkje overstige 5% av kapitalbehovet i prosjektet. Dersom totalt kapitalbehov i prosjektet blir lågare enn kr 826 000 vil støttebeløpet bli redusert tilsvarende slik at dette ikkje utgjer meir enn 5% av det totale kapitalbehovet.

Votering nr 1 - Votering over forslag

Opprinnelig forslag: 0 stemmer (0%)

Nytt forslag - Nytt forslag: 7 stemmer (100%) - AP 1, Frp 1, H 2, Sp 3

Ester Reidun Vinje Nilsen (H), Andre partier: Frp

FS- 026/26 Vedtak:

Det blir innvilga støtte på kr 40 000, som utgjer 5% av kapitalbehovet. Støttebeløpet skal ikkje overstige 5% av kapitalbehovet i prosjektet. Dersom totalt kapitalbehov i prosjektet blir lågare enn kr 826 000 vil støttebeløpet bli redusert tilsvarende slik at dette ikkje utgjer meir enn 5% av det totale kapitalbehovet.

027/26: Næringsfondet 2026 - Goat Group As - Etableringstilskudd

Kommunedirektøren si innstilling:

Det blir innvilga støtte på kr 195 000, som utgjer 13 % av kapitalbehovet.

Støttebeløpet skal ikkje overstige 13 % av totalt kapitalbehov i prosjektet. Dersom totalt kapitalbehov i prosjektet blir lågare enn kr 1 477 000 , vil støttebeløpet bli redusert tilsvarende slik at dette ikkje utgjer meir enn 13 % av det totale kapitalbehovet

Formannskapet 30.04.2026:

Behandling:

Presentasjon - Goat Group AS vart ettersendt på e-post 29. april til formannskapet

Votering nr 1 - Voting over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 7 stemmer (100%) - AP 1, Frp 1, H 2, Sp 3

Mot: 0 stemmer (0%)

FS- 027/26 Vedtak:

Kommunedirektøren si innstilling:

Det blir innvilga støtte på kr 195 000, som utgjør 13 % av kapitalbehovet.

Støttebeløpet skal ikkje overstige 13 % av totalt kapitalbehov i prosjektet. Dersom totalt kapitalbehov i prosjektet blir lågare enn kr 1 477 000, vil støttebeløpet bli redusert tilsvarende slik at dette ikkje utgjør meir enn 13 % av det totale kapitalbehovet

028/26: Næringsfondet 2026 - Muritunet - Arbeidsretta ung

Kommunedirektøren si innstilling:

Det blir innvilga støtte på kr 250 000, som utgjør 29 % av kapitalbehovet.

Støttebeløpet skal ikkje overstige 29 % av totalt kapitalbehov i prosjektet. Dersom totalt kapitalbehov i prosjektet blir lågare enn kr 849 000, vil støttebeløpet bli redusert tilsvarende slik at dette ikkje utgjør meir enn 29 % av det totale kapitalbehovet

Formannskapet 30.04.2026:

Behandling:

Votering nr 1 - Voting over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 7 stemmer (100%) - AP 1, Frp 1, H 2, Sp 3

Mot: 0 stemmer (0%)

FS- 028/26 Vedtak:

Kommunedirektøren si innstilling:

Det blir innvilga støtte på kr 250 000, som utgjør 29 % av kapitalbehovet.

Støttebeløpet skal ikkje overstige 29 % av totalt kapitalbehov i prosjektet. Dersom totalt kapitalbehov i prosjektet blir lågare enn kr 849 000, vil støttebeløpet bli redusert tilsvarende slik at dette ikkje utgjør meir enn 29 % av det totale kapitalbehovet

029/26: Næringsfondet 2026 - Norddal Gardsysteri - Fra melk til ost: etablering av mobilt ysteri

Kommunedirektøren si innstilling:

Det blir innvilga ein stønad på kr 150 000, som utgjør 28 % av kapitalbehovet.

Støttebeløpet skal ikkje overstige 28 % av totalt kapitalbehov i prosjektet. Dersom totalt kapitalbehov i prosjektet blir lågare enn kr 535 000, vil støttebeløpet bli redusert tilsvarende slik at dette ikkje utgjør meir enn 28 % av det totale kapitalbehovet

Formannskapet 30.04.2026:

Behandling:

Nytt forslag, foreslått av Jan Are Remme, Høgre

Søknaden vert avslått.

Votering nr 1 - Votering over forslag

Opprinnelig forslag: 0 stemmer (0%)

Nytt forslag - Nytt forslag: 7 stemmer (100%) - AP 1, Frp 1, H 2, Sp 3

Jan Are Remme (H)

FS- 029/26 Vedtak:

Søknaden vert avslått.

030/26: Næringsfondet 2026 - Scandinavian Waffles AS - Oppstart av ny bedrift

Kommunedirektøren si innstilling:

Søknaden vert ikkje innvilga.

Vedtaket kan påklagast til kommunen. Klagefristen er tre veker. Klagen skal sendast skriftleg til den som har fatta vedtaket og ein må oppgje vedtaket det vert klagt over og årsaka for klagen.

Formannskapet 30.04.2026:

Behandling:

Nytt forslag, foreslått av Ester Reidun Vinje Nilsen, Høgre

Det blir innvilga støtte på kr 75 000, som utgjer 20% av kapitalbehovet. Støttebeløpet skal ikkje overstige 20% av kapitalbehovet i prosjektet. Dersom totalt kapitalbehov i prosjektet blir lågare enn kr 380 500 vil støttebeløpet bli redusert tilsvarende slik at dette ikkje utgjer meir enn 20% av det totale kapitalbehovet

Votering nr 1 - Votering over forslag

Opprinnelig forslag: 1 stemme (14%) - AP 1

Nytt forslag - Nytt forslag: 6 stemmer (86%) - Frp 1, H 2, Sp 3

Ester Reidun Vinje Nilsen (H), Andre partier: Frp

FS- 030/26 Vedtak:

Det blir innvilga støtte på kr 75 000, som utgjer 20% av kapitalbehovet. Støttebeløpet skal ikkje overstige 20% av kapitalbehovet i prosjektet. Dersom totalt kapitalbehov i prosjektet blir lågare enn kr 380 500 vil støttebeløpet bli redusert tilsvarende slik at dette ikkje utgjer meir enn 20% av det totale kapitalbehovet

031/26: Næringsfondet 2026 - Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv - Fjord Cowork - frå finansiert pilot til bærekraftig tilflytting

Kommunedirektøren si innstilling:

Søknaden vert ikkje innvilga.

Vedtaket kan påklagast til kommunen. Klagefristen er tre veker. Klagen skal sendast skriftleg til den som har fatta vedtaket og ein må oppgje vedtaket det vert klaga over og årsaka for klagen.

Formannskapet 30.04.2026:

Behandling:

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 7 stemmer (100%) - AP 1, Frp 1, H 2, Sp 3

Mot: 0 stemmer (0%)

FS- 031/26 Vedtak:

Kommunedirektøren si innstilling:

Søknaden vert ikkje innvilga.

Vedtaket kan påklagast til kommunen. Klagefristen er tre veker. Klagen skal sendast skriftleg til den som har fatta vedtaket og ein må oppgje vedtaket det vert klaga over og årsaka for klagen.

032/26: Næringsfondet 2026 - Stordal Auto AS - Omprofilering

Kommunedirektøren si innstilling:

Søknaden vert ikkje innvilga.

Vedtaket kan påklagast til kommunen. Klagefristen er tre veker. Klagen skal sendast skriftleg til den som har fatta vedtaket og ein må oppgje vedtaket det vert klaga over og årsaka for klagen

Formannskapet 30.04.2026:

Behandling:

Nytt forslag, foreslått av Jan Are Remme, Høgre

Det blir innvilga støtte på kr 40 000, som utgjer 11 % av kapitalbehovet. Støttebeløpet skal ikkje overstige 11 % av totalt kapitalbehov i prosjektet. Dersom totalt kapitalbehov i prosjektet blir lågare enn kr 355 150, vil støttebeløpet bli redusert tilsvarande slik at dette ikkje utgjer meir enn 11% av det totale kapitalbehovet

Votering nr 1 - Votering over forslag

Nytt forslag - Nytt forslag: 6 stemmer (86%) - AP 1, Frp 1, H 2, Sp 2

Jan Are Remme (H)

Opprinnelig forslag: 1 stemme (14%) - Sp 1

FS- 032/26 Vedtak:

Det blir innvilga støtte på kr 40 000, som utgjer 11 % av kapitalbehovet.

Støttebeløpet skal ikkje overstige 11 % av totalt kapitalbehov i prosjektet. Dersom totalt kapitalbehov i prosjektet blir lågare enn kr 355 150, vil støttebeløpet bli redusert tilsvarande slik at dette ikkje utgjer meir enn 11% av det totale kapitalbehovet

033/26: Næringsfondet 2026 - Storås Handel Norddal AS - Vidareutvikling av Storås handel

Kommunedirektøren si innstilling:

Søknaden vert ikkje innvilga.

Vedtaket kan påklagast til kommunen. Klagefristen er tre veker. Klagen skal sendast skriftleg til den som har fatta vedtaket og ein må oppgje vedtaket det vert klaga over og årsaka for klagen.

Formannskapet 30.04.2026:

Behandling:

Nytt forslag, foreslått av Lars Kristian Øvrebust, Senterpartiet

Det blir innvilga støtte på kr 100 000, som utgjer 9 % av kapitalbehovet. Støttebeløpet skal ikkje overstige 9 % av totalt kapitalbehov i prosjektet. Dersom totalt kapitalbehov i prosjektet blir lågare enn kr 1 090 000, vil støttebeløpet bli redusert tilsvarande slik at dette ikkje utgjer meir enn 9% av det totale kapitalbehovet

Votering nr 1 - Votering over forslag

Opprinnelig forslag: 0 stemmer (0%)

Nytt forslag - Nytt forslag: 7 stemmer (100%) - AP 1, Frp 1, H 2, Sp 3

Lars Kristian Øvrebust (Sp)

FS- 033/26 Vedtak:

Det blir innvilga støtte på kr 100 000, som utgjer 9 % av kapitalbehovet. Støttebeløpet skal ikkje overstige 9 % av totalt kapitalbehov i prosjektet. Dersom totalt kapitalbehov i prosjektet blir lågare enn kr 1 090 000, vil støttebeløpet bli redusert tilsvarande slik at dette ikkje utgjer meir enn 9% av det totale kapitalbehovet

034/26: Næringsfondet 2026 - Valldal Fjord Lodge AS - Pilgrimsturer i Valldal

Kommunedirektøren si innstilling:

Søknaden vert ikkje innvilga.

Vedtaket kan påklagast til kommunen. Klagefristen er tre veker. Klagen skal sendast skriftleg til den som har fatta vedtaket og ein må oppgje vedtaket det vert klaga over og årsaka for klagen.

Formannskapet 30.04.2026:

Behandling:

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 7 stemmer (100%) - AP 1, Frp 1, H 2, Sp 3

Mot: 0 stemmer (0%)

FS- 034/26 Vedtak:**Kommunedirektøren si innstilling:**

Søknaden vert ikkje innvilga.

Vedtaket kan påklagast til kommunen. Klagefristen er tre veker. Klagen skal sendast skriftleg til den som har fatta vedtaket og ein må oppgje vedtaket det vert klaga over og årsaka for klagen.

035/26: Næringsfondet 2026 - Valldal Fjord Lodge AS - Swim the Fjords**Kommunedirektøren si innstilling:**

Søknaden vert ikkje innvilga.

Vedtaket kan påklagast til kommunen. Klagefristen er tre veker. Klagen skal sendast skriftleg til den som har fatta vedtaket og ein må oppgje vedtaket det vert klaga over og årsaka for klagen.

Formannskapet 30.04.2026:**Behandling:****Votering nr 1 - Votering over forslag**

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 7 stemmer (100%) - AP 1, Frp 1, H 2, Sp 3

Mot: 0 stemmer (0%)

FS- 035/26 Vedtak:**Kommunedirektøren si innstilling:**

Søknaden vert ikkje innvilga.

Vedtaket kan påklagast til kommunen. Klagefristen er tre veker. Klagen skal sendast skriftleg til den som har fatta vedtaket og ein må oppgje vedtaket det vert klaga over og årsaka for klagen.

036/26: Næringsfondet 2026 - Ytste Kilsti Gard - Silokran til ny låvebygning**Kommunedirektøren si innstilling:**

Søknaden vert ikkje innvilga.

Vedtaket kan påklagast til kommunen. Klagefristen er tre veker. Klagen skal sendast skriftleg til den som har fatta vedtaket og ein må oppgje vedtaket det vert klaga over og årsaka for klagen.

Formannskapet 30.04.2026:**Behandling:****Votering nr 1 - Votering over forslag**

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 7 stemmer (100%) - AP 1, Frp 1, H 2, Sp 3

Mot: 0 stemmer (0%)

FS- 036/26 Vedtak:

Kommunedirektøren si innstilling:

Søknaden vert ikkje innvilga.

Vedtaket kan påklagast til kommunen. Klagefristen er tre veker. Klagen skal sendast skriftleg til den som har fatta vedtaket og ein må oppgje vedtaket det vert klaga over og årsaka for klagen.

037/26: Næringsfondet 2026 Arena Overøye AS - Markedstiltak og gratis aktivitet for barn og unge**Kommunedirektøren si innstilling:**

Søknaden vert ikkje innvilga.

Vedtaket kan påklagast til kommunen. Klagefristen er tre veker. Klagen skal sendast skriftleg til den som har fatta vedtaket og ein må oppgje vedtaket det vert klaga over og årsaka for klagen.

Formannskapet 30.04.2026:**Behandling:****Votering nr 1 - Votering over forslag**

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 7 stemmer (100%) - AP 1, Frp 1, H 2, Sp 3

Mot: 0 stemmer (0%)

FS- 037/26 Vedtak:**Kommunedirektøren si innstilling:**

Søknaden vert ikkje innvilga.

Vedtaket kan påklagast til kommunen. Klagefristen er tre veker. Klagen skal sendast skriftleg til den som har fatta vedtaket og ein må oppgje vedtaket det vert klaga over og årsaka for klagen.

038/26: Næringsfondet 2026 NorInsect Holding AS - Prosjekt jordbærblomst**Kommunedirektøren si innstilling:**

Søknad om stønad vert ikkje innvilga

Vedtaket kan påklagast til kommunen. Klagefristen er tre veker. Klagen skal sendast skriftleg til den som har fatta vedtaket og ein må oppgje vedtaket det vert klaga over og årsaka for klagen.

Formannskapet 30.04.2026:**Behandling:****Votering nr 1 - Votering over forslag**

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 7 stemmer (100%) - AP 1, Frp 1, H 2, Sp 3

Mot: 0 stemmer (0%)

FS- 038/26 Vedtak:**Kommunedirektøren si innstilling:**

Søknad om stønad vert ikkje innvilga

Vedtaket kan påklagast til kommunen. Klagefristen er tre veker. Klagen skal sendast skriftleg til den som har fatta vedtaket og ein må oppgje vedtaket det vert klaga over og årsaka for klagen.

039/26: Næringsfondet 2026 Stordal Alpinsenter AS - Inv. i tårnmontert snøkanon**Kommunedirektøren si innstilling:**

Søknaden vert ikkje innvilga.

Vedtaket kan påklagast til kommunen. Klagefristen er tre veker. Klagen skal sendast skriftleg til den som har fatta vedtaket og ein må oppgje vedtaket det vert klaga over og årsaka for klagen.

Formannskapet 30.04.2026:**Behandling:****Votering nr 1 - Votering over forslag**

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 7 stemmer (100%) - AP 1, Frp 1, H 2, Sp 3

Mot: 0 stemmer (0%)

FS- 039/26 Vedtak:**Kommunedirektøren si innstilling:**

Søknaden vert ikkje innvilga.

Vedtaket kan påklagast til kommunen. Klagefristen er tre veker. Klagen skal sendast skriftleg til den som har fatta vedtaket og ein må oppgje vedtaket det vert klaga over og årsaka for klagen.

040/26: Næringsfondet 2026 Synne Selboskar - Oppstart av smådyrklipp**Kommunedirektøren si innstilling:**

Søknaden vert ikkje innvilga.

Vedtaket kan påklagast til kommunen. Klagefristen er tre veker. Klagen skal sendast skriftleg til den som har fatta vedtaket og ein må oppgje vedtaket det vert klaga over og årsaka for klagen.

Formannskapet 30.04.2026:**Behandling:**

Nytt forslag, foreslått av Ester Reidun Vinje Nilsen, Høgre

Det blir innvilga støtte på kr 120 000, som utgjer 40% av kapitalbehovet under forutsetning at budsjett blir ettersendt. Støttebeløpet skal ikkje overstige 40% av kapitalbehovet i prosjektet. Dersom totalt kapitalbehov i prosjektet blir lågare enn kr 300 000 vil støttebeløpet bli redusert tilsvarende slik at dette ikkje utgjer meir enn 40% av det totale kapitalbehovet.

Votering nr 1 - Votering over forslag

Opprinnelig forslag: 0 stemmer (0%)

Nytt forslag - Nytt forslag: 7 stemmer (100%) - AP 1, Frp 1, H 2, Sp 3

Ester Reidun Vinje Nilsen (H), Andre partier: Frp, Sp

FS- 040/26 Vedtak:

Det blir innvilga støtte på kr 120 000, som utgjør 40% av kapitalbehovet under forutsetning at budsjett blir ettersendt. Støttebeløpet skal ikke overstige 40% av kapitalbehovet i prosjektet. Dersom totalt kapitalbehov i prosjektet blir lågare enn kr 300 000 vil støttebeløpet bli redusert tilsvarende slik at dette ikke utgjør meir enn 40% av det totale kapitalbehovet.

041/26: Referatsaker

Kommunedirektøren si innstilling:

Referatsakene blir tatt til orientering.

Formannskapet 30.04.2026:

Behandling:

Samrøystes i samsvar med innstillinga.

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 6 stemmer (100%) - Frp 1, H 2, Sp 3

Mot: 0 stemmer (0%)

FS- 041/26 Vedtak:

Kommunedirektøren si innstilling:

Referatsakene blir tatt til orientering.